



Teknisk forvaltning

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/231 - 15/2623

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

11.03.2015

Landbrukssak Gbnr 14/2 Soltveit - Planering - Uttale frå Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy

Viser til brev frå teknisk forvaltning 30.01.2015 sendt til felles landbrukskontor for uttale som gjeld planering av to plassar på henholdsvis 1000 kvm og 350 kvm.

Landbrukskontoret vil vurdere om planering på Skardåsmyra er i tråd med LNF-foremålet i kommuneplanen for Radøy og likeins om saka må handsamast etter jordlova § 9 for bruken av dyrka og dyrkbar mark (omdisponering av jordbruksareal).

Det vert søkt om å planere plassar for bruk i juletreproduksjon på Skardåsmyra. Det er søkt om ein primær plass på 1000m² ved innkjøringa til eigedommen og ein velteplass på 350m² lenger inn. Det er og søkt om nokon mindre snu/velteplasser i vegnettet. Dei mindre snu/velteplassene ser landbrukskontoret som ein del av landbruksveganlegget og kan ansjåast å være ein del av søknad om landbruksveg kl 7 (vedtak dato ?). Dei to plassane på henholdsvis 1000 kvm og 350 kvm vert handsama i denne uttale.

Det vert i dag drive juletreproduksjon på delar av området og noko areal er i anleggsfasen for opparbeiding av nye plantefelt. Det er rekna 200 daa effektivt produksjonsareal for juletreproduksjon på Skardåsmyra. I utgreiing av Egil Hauge frå 1990 (prosjekt tiltaksplan, Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland) er det berekna ei årleg hausting på 10 200 juletre. I dag (2015) er ca. 100 daa planta til med juletre og i produksjon. Eit omløp med juletre er ca. 8-12 år så det kan ventast ein del avvirkning i åra framover. Juletreproduksjon er intensivt i periodar av året og all hogst skjer i ein kort periode på seinhausten. Det er i denne perioden behovet for oppbevaringsplass er størst. Produksjon av juletre krev og noko utstyr t.d sag for hogst og rydding, gjødsel og traktor eller bil for å frakte tre og utstyr. I anleggsfasen vil utstyrsbehovet vere noko anna.

Produksjon av jultre og pyntegrønt er ei skogbruksnæring. Det er i tråd med LNF-føremålet å drive med juletre og pyntegrønt. Arealføremålet for Skardåsmyra er LNF.

og fell med det inn under arealføremålet for Skardåsmyra.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Planeringane som er omsøkt gjer gode muligheiter for ein effektiv juletre- og pyntegrøntproduksjon i alle sesongar. Landbrukskontoret finn at dei omsøkte som gjeld planering av to plassar på henholdsvis 1000 kvm og 350 kvm er i tråd med LNF-foremålet i denne saka.

Landbrukskontoret finn at sidan tiltaka er i tråd med LNF-føremålet er det ikkje naudsynt å handsame søknad om planering av plassar etter Jordlova § 9 som omhandlar bruken av dyrka og dyrkbar mark, i og med at plassane som er omsøkt planert skal brukast i samband med produksjon av juletre.

Med helsing

Toril Marie Mullen
leiar

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Teknisk forvaltning